



**Møteprotokoll
for
Utval for levekår**

Møtedato: 04.11.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 – 20:45

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalsleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Ørjan Kristiansen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen:

Helge Kvam
Kjell Ølnes i sak 45/2014
Reidun Johannessen og Irene Hugaas i sak 46/2014
Britt Romarheim i sak 47/2014
Mette Træland og Rigmor N. Sletten i sak 48/2014
Bente Bing Kleiva i sak 49/2014 t.o.m. sak 52/2014

Sakliste

Saknr	Tittel
42/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
43/2014	Godkjenning av møtebok
44/2014	Referatsaker
45/2014	Samarbeidsavtale om ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd
46/2014	Sluttrapport "Betre læringsmiljø"
47/2014	Meland heimeteneste - orientering om avlastning mm
48/2014	Orientering om barnehageplanen
49/2014	Løypemelding - Frivilligmelding
50/2014	Kulturråd i Meland
51/2014	Prioritering av søknadar om spelemidler i Meland kommune - 2015
52/2014	Søknad om spelemidler 2015 - Nærmiljøanlegg - Rehabilitering av ballbinge i Frekhaugmarka - 1256000501
53/2014	Ny tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne
54/2014	Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018
55/2014	Aktuelle saker

42/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 42/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

43/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 43/2014 VEDTAK:

Møtebok vert godkjent.

44/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 44/2014 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

45/2014: Samarbeidsavtale om ungdomsstraff og oppfølging i konfliktråd

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd. Rådmannen får i oppdrag å peike ut kommunens representant.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 45/2014 VEDTAK:

Meland kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd. Rådmannen får i oppdrag å peike ut kommunens representant.

46/2014: Sluttrapport "Betre læringsmiljø"

Rådmannen sitt framlegg:

Oppsummering frå sluttrapport prosjekt «Betre læringsmiljø» vert teken til orientering.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

"Prosjekt Betre Læringsmiljø" vart presentert i møtet.

Tilleggsframlegg frå **Kåre Skibenes (Krf)** i møtet:

Utval for levekår er tilfreds med prosess og resultat som er nådd i prosjektperioden, og støtter vidare utviklingsarbeid i Meland-skulen.

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

ULK - 46/2014 VEDTAK:

Oppsummering frå sluttrapport prosjekt «Betre læringsmiljø» vert teken til orientering. Utval for levekår er tilfreds med prosess og resultat som er nådd i prosjektperioden, og støtter vidare utviklingsarbeid i Meland-skulen.

47/2014: Meland heimeteneste - orientering om avlastning mm

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår til informasjon om status tenesteyting innan Meland heimeteneste til orientering.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Elna Bjørndal (H) vart permittert frå møtet før handsaming av denne saka.

"Meland heimeteneste" og KS sin rapport "Pleie og omsorg. Færre bor på institusjon - flere mottar hjelp hjemme" vart presentert i møtet. Sistnemnde vart i tillegg utdelt i møtet.

ULK - 47/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status tenesteyting innan Meland heimeteneste til orientering.

48/2014: Orientering om barnehageplanen

Rådmannen sitt framlegg:

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til vedtak i møtet frå **Kåre Skibenes (Krf)**:

Utval for levekår tek informasjon om status arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til orientering, og ber om at innspel og kommentarar i møtet vert tekne med i det vidare arbeidet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 48/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til orientering, og ber om at innspel og kommentarar i møtet vert tekne med i det vidare arbeidet.

49/2014: Løypemelding - Frivilligmelding

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek løypemeldinga til orientering.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Astrid Anne Fjeldstad (SP) vart permittert før handsaming av denne saka.

ULK - 49/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek løypemeldinga til orientering.

50/2014: Kulturråd i Meland

Rådmannen sitt framlegg:

Frivilligsentralen set i gong prosessen med å etablere ei arbeidsgruppe som kan komme med framlegg til eit Kulturråd i Meland.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til nytt vedtak i møtet frå **Kåre Skibenes (Krf)**:

Utval for levekår ber administrasjonen v/Frivilligsentralen sette i gong prosess med å etablere ei arbeidsgruppe som kan kome med framlegg til følgjande:

- korleis eit kulturråd i Meland kan organiserast
- kva organisasjonar kulturrådet kan representere
- kva mandat kulturrådet kan ha

Resultat av arbeidsprosess vert lagt fram for Utval for levekår.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

ULK - 50/2014 VEDTAK:

Utval for levekår ber administrasjonen v/Frivilligsentralen sette i gong prosess med å etablere ei arbeidsgruppe som kan kome med framlegg til følgjande:

- korleis eit kulturråd i Meland kan organiserast
- kva organisasjonar kulturrådet kan representere
- kva mandat kulturrådet kan ha

Resultat av arbeidsprosess vert lagt fram for Utval for levekår.

51/2014: Prioritering av søknadar om spelemidlar i Meland kommune - 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Øyvind Oddekalv (AP) var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

ULK - 51/2014 VEDTAK:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

52/2014: Søknad om spelemidlar 2015 - Nærmiljøanlegg - Rehabilitering av ballbinge i Frekhaugmarka - 1256000501

Rådmannen sitt framlegg:

Søknad om spelemidlar kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Erling Rønnestad (Krf) vart permittert før handsaming av denne saka.

Mabel Johansen (H) melde seg inhabil og var ikkje med på vedtak.

ULK - 52/2014 VEDTAK:

Søknad om spelemidlar kr 285 000 frå Frekhaugmarka vellag til rehabilitering av ballbinge på Frekhaugmarka ballplass, anleggseining nr. 1256000501, blir godkjend. Det er ein føresetnad at krava omtala i andre avsnitt i vurderinga blir innfridd før oversending til fylkeskommunen.

53/2014: Ny tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner ny «Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne» slik den ligg føre.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 53/2014 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner ny «Tenesteavtale 3 og 5 for samarbeid om inntak i og utskrivning frå spesialisthelsetenesta innan rusmedisin og psykisk helsevern for barn, unge og voksne» slik den ligg føre.

54/2014: Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om status Temaplan helse, sosial og omsorg til orientering, og ber administrasjon innarbeidar aktuelle innspel frå drøfting i det vidare arbeidet. Endeleg utkast til høyringsdokument vert lagt fram for utvalet i februar 2015.

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Presentasjon vart utdelt i møtet.

ULK - 54/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status Temaplan helse, sosial og omsorg til orientering, og ber administrasjon innarbeidar aktuelle innspel frå drøfting i det vidare arbeidet. Endeleg utkast til

høyringsdokument vert lagt fram for utvalet i februar 2015.

55/2014: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

04.11.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

- Leiar barnevern Kjell ØInes orienterte om konsultasjonsteam.
- Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen gav Utval for levekår ei kort orientering om framdrift kunnskapsdokument om skulestruktur.
- Mabel Johansen (H) ønskjer at Utval for levekår får ei orientering om bruk av individuell plan i kommunen.

ULK - 55/2014 VEDTAK:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.
